

## Bli lærebedrift



### Ynskjer De å bli lærebedrift?

Opplæringskontoret driv opplæring innan programområda:  
Bygg- og anleggsteknikk, Elektro og datateknologi, Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign, Handverk, design og produktutvikling, Helse- og oppvekst Informasjonsteknologi og medieproduksjon, Naturbruk, Restaurant- og matfag, Sal, service og reiseliv,

### Kva er Opplæringskontoret og kva gjer me?

Me er eit tverrfagleg opplæringskontor med godkjenning i 55 ulike fag og har 134 medlemsbedrifter som satsar på å gje ungdom fagopplæring i sine bedrifter. Me har oppfølging av omlag 250 lærlingar til ei kvar tid.

### Derfor bør du bli med!

Noreg treng fleire fagarbeidrarar. Likevel står fleire tusen søkerar utan lærlingplass kvart år på landsbasis. Vil Dykkar bedrift bidra?

## Bli ei lærebedrift?

Ved å vera lærebedrift sikrar ein rekrutteringa av kompetente medarbeidalar til eiga bedrift. Som lærebedrift mottar ein eit økonomisk tilskot per lærling og ein tek samtidig eit samfunnsansvar og gir unge viktig kompetanse som landet vårt treng.

## Kva er ei lærebedrift?

Ei lærebedrift er ei bedrift som er godkjent til å utdanna nye fagarbeidalar gjennom lærlingeordninga. Å vera lærling betyr at ein utdannar seg til eit yrke ved å jobba i ei bedrift. I bedrifta får ein både opplæring og relevant praksis i eit fag.

## Ein kan verta lærebedrift innanfor mange ulike fag.

Det er mange ulike fag som fører fram til fag- eller sveinebrev. Me har tradisjonelle fag som t.d. tømrar, rørleggjar, elektrikar osv.

I tillegg finns det mange mindre kjente fag som anleggsmaskinmekanikar, byggdriftar, gjenvinningsfaget, hjulutrustning osv.

Og så har me verneverdig fag som t.d seglmakar. Sjå nettsida vår for alle fag:  
<https://www.oknordhordland.no/>

## Sikrar rekruttering av kompetente medarbeidalar

Å vere lærebedrift bidrar til å sikre rekruttering av kompetente medarbeidalar til eiga bedrift. Gjennom læretida blir ein godt kjent med kva kompetanse lærlingen har opparbeid seg, både fagleg og personleg. Og gjennom lokal tilpasning kan bedrifta sikra seg at lærlingen er godt kvalifisert for å jobba vidare i bedrifta.

95 prosent av norske lærebedrifter synes at lærlingeordninga er ein god måte å rekruttere tilsette på, så mange lærlingar får tilbod om fast tilsettjing når læretida er over. Men bedrifta står heilt fritt til å takka for samarbeidet og ynskja den nyutdanna fagarbeidaren lukka til vidare.



## Økonomisk gunstig å vera lærebedrift

Bedrifter som tek inn lærlingar mottek tilskot frå staten (formidla via fylkeskommunen). Tilskotet vert gjeve fordi bedrifta tek på seg opplæringsansvar. Størrelsen på lærlingtilskotet er satt av Kunnskapsdepartementet, og blir eventuelt endra i det årlege statsbudsjettet.

Basistilskot I (gjeld ungdom med rett) for lærling med to år i lære, er for 2023 på kr. 171.425,- pr. lærling.

Tilskottet blir fordelt over læretida på to år, og utbetalt etterskottsvis kvart halvår.

Læretida etter «hovudmodellen» er to år i bedrift, det første året vert definert som eit opplæringsår og det andre som eit verdiskapingsår.

## Lærebedrifta vel sjølv sine lærlingar

Lærebedrifta vel sjølv kven dei ynskjer å tilsette som lærling i bedrifta. Lærlingen vert midlertidig tilsett i tråd med læretida. I læretida skal lærlingen få opplæring etter ein læreplan, og bli rusta til å gå opp til ein fagprøve i faget.

Det blir skrive midlertidig arbeidsavtale i perioden lærekontrakten gjeld. Og så er det opp til bedrifta å avgjera om dei vil gje lærlingen tilbod om fast stilling som fagarbeidar etter at læretida er slutt.



## Bli godkjent lærebedrift

For å kunne inngå lærekontrakt for fyste gong, må bedrifta godkjennast som lærebedrift av fylkeskommunen. Før de søker om godkjenning, må de vurdera om de har kapasitet og kompetanse til å tilby opplæring til ein eller fleire lærlingar.

Opplæringskontoret kan vera til hjelp i denne prosessen.

Godkjenninga føreset at de har relevante arbeidsoppgåver innafor kompetansemåla i læreplanen for det aktuelle faget. De må også ha ein fagleg leiar som tek opplæringsansvaret de har tatt på Dykk (jfr. opplæringslova).

Korleis melde seg inn i Opplæringskontoret?

De kan melde Dykk inn i Opplæringskontoret for Nordhordland ved å gå inn på nettsida vår:

<https://www.oknordhordland.no>

Under Bedrifter vel du Innmeldingsskjema.

Du kjem så inn på ei side der du finn link til innmeldingsskjemaet.

Du kan senda utfylt innmeldingsskjema på e-post til:

[lillian@oknordhordland.no](mailto:lillian@oknordhordland.no) eller [post@oknordhordland.no](mailto:post@oknordhordland.no)

Eller per post til:

Opplæringskontoret Nordhordland

Galteråsen 4

5916 ISDALSTØ



## Du finn oss her

Opplæringskontoret for Nordhordland

Galteråsen 4

5916 Isdalstø

Tlf: 56 34 17 30

E-post: [post@oknordhordland.no](mailto:post@oknordhordland.no)

[www.oknordhordland.no](http://www.oknordhordland.no)

[www.facebook.com/oknordhordland](https://www.facebook.com/oknordhordland)

